



Reknes Eiendom AS
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15709 - 20/72047

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Løyve til seksjonering - gbnr 134/ 263 Hilland

Administrativt vedtak: Saknr: 1222/20

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, gir Alver kommune løyve til oppretting av 6 eigarseksjonar for sameiet «Hilland, 134/263», på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-6 er bustadseksjonar der alle 6 seksjonar har sameigebrøken- 1/6. Til seksjonane i 2. og 3.plan høyrer tilhøyrande terrasser med til aktuelle seksjon.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med etasjeskille. Plan 1 utgjer 1 seksjon i kvart av dei 3 bygga, og plan 2 og 3 utgjer til saman 1 seksjon i kvart av dei 3 bygga.

Alt uteareal på eigdommen er fellesareal for alle seksjonseigarane.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 134/263 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 15.09.20, om seksjonering av eigdommen gbnr 134/263 med adressene Radøyvegen 49A-F. Behandling av søknaden har avventa endringsløyve for bygga 1-3, som vart godkjent 11.11.2020.

På eigdommen er det gitt løyve til oppføring av 3 einebustader med sokkelleilighet.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av vegsituasjonen og seksjonsnummer bygga. Kommunen har påført adressenummer ved dei respektive inngangsdører.
- Planteikningar (3 vedlegg á 2 sider) av bustadbygget over 3 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive.
- Vedtekter for sameiet «Hilland 134/263», som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er signert av dagleg leder Egil Sagstad som har signaturrett og har signert som heimelshavar og innsendar.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.2 er gebyret for 5-10 seksjonar kr 15.900,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/15709»

Med vennleg helsing

Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SITUASJONSPLAN_ Vedlegg 1
Teikningar Bygg nr. 1 seksjon 1-2
Teikningar Bygg nr. 2 seksjon 3-4
Teikningar Bygg nr. 3 seksjon 5-6
SØKNAD OM SEKSJONERING (L)(204656)-1

Mottakarar:

Reknes Eiendom AS

Masfjordvegen 187

5986

HOSTELAND